



## MØTEBOK

Rådsmøte i Hardanger Ungdomsråd

Dato: Torsdag 9.2.2017

Stad: Hardangerrådet i Kinsarvik

Tid: 0930-1400

### Til stades:

Eidfjord kommune: Ungdomsrådsleiar Helene Hongqin Enge Monsen  
Granvin herad: Ungdomsrådsleiar Marte Kristoffersen  
Kvam herad: Ungdomsrådsleiar Sjur Mikal Dolva  
Odda kommune: Ungdomsrådsleiar Anne Haugland Jondahl  
Ullensvang herad: Ungdomsrådsleiar Vilde Læg Reid

### Ikkje til stades:

Jondal kommune: Ikkje møtt  
Ulvik herad: Ikkje møtt

### Andre:

Politisk sekretær Kvam herad: Jorunn K. D. Mæland  
Hardangerrådet: Trude Læg Reid Rinaldo

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

## HU-sak 01/17      Konstituering

### Vedtak:

Vilde Læg Reid er vald til leiar for Hardanger ungdomsråd i 2017

Marte Kristoffersen er vald til nestleiar for Hardanger Ungdomsråd i 2017

## HU-sak 02/17      Møteplan 2017

### Vedtak:

### Møteplan 2017 Hardanger Ungdomsråd

Hardanger Ungdomsråd  2017	Torsdag 19. januar  Kvam  Hardanger Ungdoms TING	Torsdag 09. februar  Kinsarvik	Torsdag 09. mars  Eidfjord	Torsdag 06. april  Odda	M A I	J U N I	J U L I / A U G U S T	Fredag- Søndag  September 2017  Aktivitets- helg i Odda	O K T O B E R	Torsdag 02. november  Ullensvang HU rådsmøte Konstituering & Hardanger UngdomsTING	Torsdag 07. Desember  Jondal
-------------------------------------	--	--	--	-------------------------------------	-------------	------------------	---	---	---------------------------------	---	--

**Vedtak:****Ei kort påminning om kvifor skulehelsetenesta er viktig**

Som ungdom kjenner me på press i frå alle kantar. Ein skal gjere sitt beste på skulen, vere med på fleire fritidsaktivitetar og ha tid til vener og familie. Ofte kan ein ha ei kjensle av at ein ikkje strekker til eller at det er noko innvendig som plagar ein. Uheldigvis er det ikkje slik at alle har nokon dei stoler på og kan snakke med, som ein lærar eller ein venn, og det er ikkje alt ein vil snakke med foreldra sine om.

**Psykisk helse** blant ungdom er eit omdiskutert tema, og personar som har psykiske plager vil sjeldan at andre skal vite om det. Fleire av desse plagene kan ein ikkje direkte sjå på vedkommande. Psykiske plager kan mellom anna vere angst og depresjon, åtferdsproblem, sjølvskading eller spiseforstyrrelse. Desse plagene går ut over meistring og læringsmiljøet til barn og unge. Derfor er det viktig at det blir teke tak i og prøvd å gjere noko med. For at ein skal kunne gjere noko med det må ein person med slike psykiske plager fortelje det til nokon. Der kan helsesøster på skule eller helsestasjon vere ein god støttespelar.

I frå egne erfaringar har **helsesøster** vore med å forbetra klassemiljø, mange har brukt helsesøster flittig for å snakke om ulike problem. Ein treng sjølv sagt ikkje ha psykiske plager for å gå til helsesøster. Helsesøster kan hjelpe til med så mangt! Barn og unge treng ein plass dei kan gå til om dei har eit behov for å snakke med nokon om det dei har på hjarta.

Helsestasjon og helsesøstre har ikkje berre i oppgåve å snakke med barn og unge. Nokre av dei andre arbeidsoppgåvene deira er blant anna å gje vaksine eller utføra barnekontrollar. Dette er også viktige tilbod som ein ikkje må gløyme, og særst viktig er det at alle desse tilboda ein helsestasjon har, vert ivareteke og forbetra.

*I «Forskrift om kommunens helsefremmede og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenen» §1-1 om formål heiter det at; Formålet med forskriften er gjennom helsestasjons- og skolehelsetjenesten å:*

- a) fremme psykisk og fysisk helse
- b) fremme gode sosiale og miljømessige forhold,
- c) forebygge sykdommer og skader.

Det må aldri gløymast. Sjølv om tilbodet fleire plasser er bra slik det er i dag, må det aldri vere ein tanke å redusere tilbodet.

Hardanger Ungdomsråd oppmodar kvar kommune i Hardanger til å informera alle elevar om helsesøstertilbodet i eigen kommune.

## **HU-sak 04/17            Aktivitetshelg 2017 i Odda**

Ida Maage Elstad informerte om arbeidet som er i gang med å planlegga aktivitetshelga 2017. Medlemmane i Hardanger Ungdomsråd fekk fleire oppgåver.

Viktig er at kvart ungdomsråd forpliktar seg til å vera ansvarleg for å få informasjon ut på alle skular i eigen kommune ved skulestart hausten 2017, for å marknadsføra aktivitetshelga 2017.

## **HU-sak 05/17            Uttale til Helse Fonna om akuttkirurgi i Hardanger**

Odda ungdomsråd arbeider vidare med denne uttalen til neste HU 9.3. 2017.

## **HU-sak 06/17            Brev til Helse Bergen**

Ulvik ungdomsråd ønskjer å vera med å skriva uttalen om ambulansesituasjonen i Hardanger. Denne uttalen skal vera klar til neste HU 9.3. 2017. I samband med uttalen vil Hardanger Ungdomsråd be om eit møte med Helse Bergen.

Hardanger Ungdomsråd oppmodar kvart av ungdomsråda til å finna ut om kvar ambulansane fysisk står i eigen kommune. Er det ulikt frå dag til natt?

## **HU-sak 07/17            Kontakt Skyss for å be om eit «Rutemøte»**

### **Vedtak:**

Hardanger Ungdomsråd ber Skyss om å invitera HU til eit møte saman med Hardanger Ordførarane for å diskutera bussruter, og Trygg heim-50 lapp.

## **HU-sak 08/17            Orienteringssaker**

### **➤ Hardanger UngdomsTING 2017**

Evaluering:

- Veldig bra debattkurs! Utruleg bra dag!
- Veldig bra at ungdommen fekk stilla spørsmål direkte til politikarane. Skulle ønska at endå fleire kom, samt at dei medlemmane som ikkje var der må stilla neste gong.
- Ønskjer å få meir hjelp til å engasjera ungdomsråda i kommunane og ungdom.
- Det kan vera vanskeleg å få ungdom til å engasjera seg, kva med ein aktivitet på ungdomsrådsmøta? Granvin har f.eks ein blåtur kvar år.
- 

### **➤ Felles klubbkveld**

Eidfjord tek på seg å arranger ein felles klubbkveld for ungdom i Hardanger.

**Fredag 10. mars kl 1800-2300 på Samfunnshuset i Eidfjord vert alle invitert.**

Program for kvelden inneheld kjekke aktivitetar, bli-kjent leikar, samvær og prat, konsert og dj, bading og kiosk med mat. Alle må ordna seg skyss sjølve, og ein ber at dei vaksne som kjører er med som vakter den kvelden i Eidfjord.

Invitasjon kjem på facebook og det vert hengt opp plakatar. Dersom alle er med å spreier informasjonen og er ambassadørar for dette arrangementet, blir dette bra stad å vera.

➤ **Pressemelding**

HU kan tenkja seg å senda ut pressemelding når dei sender ut felles uttalar. Ønskjer litt informasjon om kva ei pressemelding er og reglar for korleis ein gjer det.

➤ **Skal me kontakta «Verdensdagen for psykisk helse»**

Kvam har fast opplegg på skulen i forbindelse med denne dagen. Hardanger Ungdomsråd vil arbeida litt meir med dette. Rådet kan f.eks oppmoda alle skular om å ha eit eige opplegg i 1 time på skulen sin denne dagen.

**HU-sak 09/17**                      **Informasjon om arbeid frå den einskilde kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.**

**Odda:**

Arbeider med aktivitetshelga i Odda, skaffa midlar  
Snakkar om å arrangera LAN, har også vore med å arrangera UKM.

**Eidfjord:**

Arbeider med felles klubbkveld, som skal arrangerast 10.3.2017 kl 1800-2300.

**Granvin:**

Planlegg LAN

Arbeider for nytt aktivitetshus i Granvin, viktig å få på plass før dei slår seg saman med Voss. Dei ser føre seg Gamle Yrkesskulen i Granvin og her vil dei husa eit breitt slag med aktivitetar for mange grupper og aldrar i Granvin. Det vil bli flott å ha eit senter som er åpent der alle kan samlast.

**Ullensvang.**

Skal arrangera Fjorda-LAN neste helg.

Har vore med på eit møte for korleis ein skal laga retningslinjer på festar med 15-årsgrensa. Snart startar arbeid med 16. mai arrangementer i Kinsarvik.

**Kvam:**

Gjer uttalar på saker til heradstyre.